



Hordaland fylkeskommune

Postboks 7900  
5020 BERGEN

**Referanser:**

Dykkar: 2014/16490-5  
Vår: 14/1293 - 14/7034

**Saksbehandlar:**

Willy Andre Gjesdal  
willy.andre.gjesdal@vaksdal.kommune.no

**Dato:**

17.12.2014

## **Melding om vedtak - Høyring av Regional plan for vassregion Hordaland 2016-2021**

Kommunestyret - Sak 84/2014:

### **Det er gjort slikt vedtak i saka:**

Vaksdal kommune ser positivt på arbeidet med å sikre ei felles, bærekraftig bruk av vassressursane på tvers av sektormynde, og ynskjer å være ein aktiv bidragsytar til at måla i vassforskrifta vert nådd.

Vaksdal kommune vil framheva behovet for å styrkja økonomiske ressursar frå statleg hald for å sikre gjennomføringa av aktuelle tiltak innanfor ulike sektorområde. Slik kommunen ser det, er tiltaka ei grovkartlegging av moglege tiltak, kostnad og kven som har ansvaret i vassførekomstar som i dag ikkje oppnår miljømåla.

Den samfunnsøkonomiske konsekvensen av tiltaka er etter kommunen si meining for dårleg utgreidd til å ta endeleg stilling til tiltaka. For Vaksdal kommune gjeld dette spesielt krav til minstevassføring i dei regulerte vassdraga. Dei økonomiske konsekvensane for konsesjonshavarar så vel som Vaksdal kommune må utgreiast. Vidare må ein på nasjonalt nivå utgreie konsekvens for regional og nasjonal energiproduksjon av alle vassregionplanane i Noreg.

Konsekvensar for Noregs nasjonale målsettingar og internasjonale avtaler om kutt i utslepp av klimagassar ved å redusere eller avgrense energiproduksjon må også vurderast på nasjonalt nivå. Vaksdal kommune vil arbeida med dei tiltaka som kommunen er mynde for eller sjølv har ansvaret for å få gjennomført. Det gjeld tiltak innan landbruk og kloakk. For oppfølging av andre tiltak må kommunane få kompensert for nye oppgåver som følgje av vassforskrifta.

Til innhaldet i sjølve høyringsdokumenta har Vaksdal kommune fylgjande merknadar:

**Post**

post@vaksdal.kommune.no  
Konsul Jepsensgt. 16, 5722 Dalekvam

**Kontakt**

www.vaksdal.kommune.no  
Telefon +47 56 59 44 00  
Telefaks +47 56 59 44 01

**Konto**

Org.nr. 961 821 967



Når det gjeld tiltak i regulerte vassdrag gjenstår det nærare utgreiing om mål og tiltak, økonomiske, samfunnsmessige og klimamessige konsekvensar og kost-nytte vurderingar av miljøgevinst versus produksjonstap, reguleringsevern m.v . Det vil vera naturleg å utsetje desse tiltaka til neste planperiode 2016 -2021 .

Rett utskrift:

Sølvi Legård  
Politisk sekretær

*Brevet er godkjent elektronisk og har difor ingen underskrift.*

**Mottakarar:**

Hordaland fylkeskommune